



På Turøy kan ein oppleva storhavet i all sitt velde, men vis varsemd.

On the island of Turøy you can experience the ocean in all its might, but be careful.



Rute og ymse av interesse

Terrang: Lett, delvis på veg og sti.
Tid: Ca. 2 timar.

Litt om gamle dagar:

Kulturminna i landskapet viser korleis menneska har levd tidlegare, organisert samfunnet sitt og brukt naturressursane. Mykje taler for at øyane har vore i bruk i tidlegare tider. Vi finn kulturlag i ein heller nord på Turøy, skålgroper på Knappane og tufter i Kobbavika og på Litla Turøy som underbyggjer dette. Bygningar og tufter viser at gardsdrift og sjøbruk har vore viktige næringsveggar. I dag driv ingen jordbruk på Turøy.

Gardsdrifta: Ein steingard markerer enno skiljet mellom innmark og utmark. I byrjinga av dette hundreåret sto bustadhusa samla i eit tun. Innmarka hadde teigblanding, medan utmarka var felles. Ved utskiftinga i 1924 fekk kvar brukar sitt innmarks- og utmarksområde. Bustadhus og uthus vart då flytta frå tunet til dei nye bruca. På innmarka dyrka dei havre og poteter; resten var slåtteeng. Når det minka på fôr til husdyra utpå vinteren, skar ein lyng i utmarka og gav dyra lyng og kokt fisk.

Sjøbruk og samfunn: Det største sjøbruksmiljøet ligg på austsida av øya., i Turøyvågen; naust sjøbuer og torvskjåar. Tidlegare vart det teke torv ute i øyane til brensel. Moloar, bygde i 1931 og i 1974, skjermar hamna. I perioden 1929-59 var det salteri her. Den første butikken kom på slutten av 1800-talet, og det var handel her til brua kom i 1991. I byrjinga av 1900-talet kom det rutebåt to gonger i veka, etter kvart oftare.

Fiskarane brukte både trolleggarn, seigarn, drivgarn og nøter. Drivgarna vart brukte til fangst av storsild og vårsild. Landnot og garn kunne gje store fangstar av sild og makrell. Dei dreiv linefiske etter torsk, brosme, lange og kveite. Blåskjel var godt agn til fiske etter brosme. Makrell tok ein



Turøy.

Foto: Willy Haraldsen

Route and places of interest

Terrain: Gentle, road and footpath.
Time: approximately 2 hours.

History:

The people of ages past have marked the landscape and left their trinkets and tools in the soil. These marks tell us how they lived and organised themselves, and how they made use of the local resources. There is solid evidence that the islands out here were inhabited in prehistory; there are cultural layers in a midden underneath a rock overhang on the north end of Turøy; there are offering cups in the rock near Knappane and old foundations in Kobbavika and on Litla Turøy. The foundations and remains of buildings indicate that farming and fishing were major activities until the recent past. There is no farming on Turøy to day.

Farming: A stone fence still marks the line between tilled fields and pastures. As late as the beginning of this century the farmhouses were located close together in the traditional cluster or "tun". The tilled land was characterised by strip farming while the pastures were commonly



med harpe, dorg eller not. Dessutan går tradisjonane med krabbe- og hummarfiske langt tilbake i tida. Grunneigarane hadde felles notlag og notbruk.

Rute:

Som namnet seier er Turøy ei øy. Bruer gjer det mogeleg å koma til sentrum av øya med bil, men den rette opplevinga får ein ved å parkera bilen på tilrettelagt parkeringsplass før den siste brua. Spaserturen over brua (1) gjev ei spesiell naturoppleving.

Etter brua fortset vi på vegen opp bakken. Sjå etter skilt med «Turøyvarden» på høgre sida før toppen av bakken. Ta til høgre her og følg merka sti i jamn stigning til toppen og Turøyvarden (2).

Turøyvarden, landemerke og vegvisar: Turøyvarden står på det høgste punktet på Turøy, 74,5 m.o.h. Frå varden er det fritt utsyn i alle retningar. Varden er frå 1896, den er vel 5 meter høg og har sirkelform. Varden er murt i gråstein og tjærebredd. Den er synleg langt til havs og er eit godt sjømerke. Turøyvarden var eit viktig og godt landemerke for den som ferdast på sjøen. Saman med Eldsfjellet inne på Holsnøy var den eit sikkert seglingsmerke for fiskarar og andre sjøfarande når dei kom inn frå havet.

Om vi vil ha ein lenger tur på stien, kan vi ta runden til Turøybjørnen og Heller. Sjå etter skilt på stien fram til Tyrøytoppen.

Tilbake på vegen tar vi til høgre opp bakken. Over bakketoppen kjem vi inn i gardsområdet. Ta andre veg til venstre og deretter til høgre ned i Turøyvågen (3), med kaianlegg, naust og sjøbuer. Frå Turøyvågen kan ein fortsetja ut til Buholmen (4), der det vart tørka skrei. Fiskeplass frå land.

Tilbake, i bakken ovanom Turøyvågen, kan ein ta til venstre ut til Kalvaneset (5). Ein litt lenger spasertur blir det om ein tar vegen tvers over Turøya, fram til Grunnvågane (7). Om du vil fiska frå land, kan du ta avstikkaren til Trossavika (6).

Turøy ligg ut mot storhavet. Ha respekt for havet, brottsjøen kan vera større enn du trur!

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

owned. The land was redistributed in 1924 and each owner was given contiguous fields and his own pasture, and moved his buildings to the new farm. Barley, potatoes and hey were the main crops on the tilled land. When the hey was gone in early spring, the animals were given heather and boiled fish.

Fishing: Most of the onshore facilities are located on the east side of the island in Turøyvågen. Here you find boathouses, storage sheds and drying sheds for peat. The peat was used for fuel. Large breakwaters were constructed in 1931 and 1974. From 1929 to 1959 there was a fish salting facility here and the store, first opened in the 1890s, closed when the bridge came in 1991. In the beginning of this century the steamer came twice a week and more often in later years.

The fishermen used trammel nets, coalfish nets, drift nets and seines. The drift nets were used to catch winter and spring herring. Shore seines and nets could also catch considerable quantities of herring and mackerel. They used lines for cod, torsk, ling and halibut. Common mussels were used as bait. Mackerel was also taken with tackle and trolling line, and crabs and lobsters have always been favourite foods. The large seines were often commonly owned by the local farmers.

Route:

Of course, Turøy is an island. Bridges now make it possible to get to the centre of the island by car, but you get a more interesting experience if you park the car in the parking area before the last bridge. The walk across the bridge (1) is rather special.

After the bridge you follow the road up the hill where there is a sign to "Turøyvarden" just before you reach the top. Turn right and follow the marked path to the cairn Turøyvarden (2) at the top.

Turøyvarden, landmark and guide: Turøyvarden is located on the highest point on the island (74,5 metres above sea level). The cairn was built in 1896, has a tapered circular shape and is 5 metres tall. It is a masonry structure painted with tar. From the cairn you have a clear view in all directions and, not surprisingly, it can be seen by ships far out at sea and is an excellent navigation mark.

The walk follows the same path back to the road and continues up the hill to the right. Just over the hill you find the farm area. Take the second road to the left, turn right after a short distance and continue down to Turøyvågen (3) with a harbour, quay, storage sheds and boathouses. From Turøyvågen you can walk out to Buholmen (4) where they dried cod in the old days.

On your way back past the hill above Turøyvågen you can turn left and make a detour to Kalvaneset (5). You can also add some minutes and distance to your walk by walking across the island to (6).